

Ref.nr.:
Saksnr:
Dato:

Kongelig resolusjon – Forvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal

1. Innleiing

Miljøverndepartementet har motteke Forvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal til godkjenning ved kongeleg resolusjon. Planen er ein regional plan utarbeidd etter reglane i forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta), som er heimla i plan- og bygningslova, vassressurslova og forureiningslova. Planen omfattar vassområda Litjdalsvassdraget, Aura/Eira, samt Søre Sunnmøre, og er vedteken i fylkestinga i Møre og Romsdal 29. september 2009, Sogn og Fjordane 14. oktober 2009 og Oppland 22. oktober 2009.

Vassforskrifta vart fastsett i 2006 som ei oppfølging av EUs rammedirektiv for vatn frå 2000. Hovudføremål er å beskytte, og om naudsynt forbetra, tilstanden i ferskvatn, grunnvatn og kystnære områder. Vassforskrifta gjev rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre ein mest mogleg heilskapleg beskyttelse og bærekraftig bruk av vassforekomstane. Det skal bli utarbeidd og vedteke regionale forvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram med sikte på å oppfylle miljømåla, og syte for at det vert framskaffa naudsynt kunnskapsgrunnlag for dette arbeidet. Forskrifta sett miljømål for alt ferskvatn, grunnvatn og kystvatn inntil 1 nautisk mil utanfor grunnlinja, og ut til territorialgrensa når det gjeld miljømål for kjemisk tilstand.

I medhald av vassforskrifta skal alle vassforekomstar oppretthalde eller oppnå god tilstand eller godt potensial innan seks år etter at første forvaltningsplan er trådd i kraft, med høve til å utsette måloppnåinga eller vedta mindre strenge miljømål, dersom det er umogleg eller uforholdsmessig kostnadskrevjande å nå målet om god tilstand eller godt potensial.

For å oppfylle miljømåla, skal det utarbeidast sektorovergripande forvaltningsplanar og tiltaksprogram. Når dei regionale forvaltningsplanane er godkjende skal dei leggast til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgivande for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen. Styresmaktene sitt ansvar for lovverk og vedtak om oppføljande tiltak vart heimla i sektorlovverket. Det er sektorstyresmaktene sjølve som, innafor sine ansvarsområde, har ansvar for å greia ut forslag til type tiltak.

Det følgjer av vassforskrifta at vassforvaltningsplanane skal godkjennast av Kongen. I godkjenningshandsaminga har regjeringa vurdert planprosessen og forvaltningsplanen på bakgrunn av reglane i vassforskrifta, plan- og bygningsloven og rundskriv T-3/98 om arbeidet med Fylkesplanane. Regjeringa har teke stilling til innhaldet i planen ut frå:

- Om planen oppfyller krava i vassforskrifta
- Dei mål og strategiar som går fram av forvaltningsplanen, sett i høve til gjeldande statleg politikk og interesser
- Forventa deltaking frå statlege etatar i oppfølging og gjennomføring av forvaltningsplanen
- Usemje regionalt som det er venta at regjeringa skal avklare

Planen vert først endeleg når sentral godkjenning ligg føre. Mogleg usemje skal vere opplyst om i planforslaget. Regjeringa tek stilling til mogleg usemje i si handsaming av planforslaget ved kongelig resolusjon. Den framlagte forvaltningsplanen og den kongelege resolusjonen utgjer til saman den godkjende planen. Regjeringa sine merknader er knytt til dei einskilde hovuddelane i planen, med krava i vassforskrifta som bakgrunn.

2. Regjeringa sine merknader

A. Om planprosessen

Det er gjennomført ein omfattande og målretta prosess med forvaltningsplanen for vassregion Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylke har vore vassregionstyresmakt, og utarbeidd planen i samarbeid med vassregionutvalet og eit arbeidsutval som har bestått av Møre og Romsdal fylke, aktuelle sektorstyresmakter, og representantar frå kommunane Ørsta, Hareid, Nesset og Lesja. Planen har vore på høyring. Mange personar, instansar og aktørar har delteke. Det er positivt at planen er ferdigstilt og handsama innan tidsfristen. Å legge til rette for god dialog og tidleg medverknad har vore ei sentral oppgåve for vassregionstyresmakta, og vil og vere det i den vidare oppfølginga av forvaltningsplanane. Utkast til forvaltningsplan skal utarbeidast i samarbeid med vassregionutvalet. I Møre og Romsdal har mellom anna lista over kandidatar til SMVF ikkje vore diskutert i VRU og er såleis å rekna som mellombels. I neste planperiode bør samarbeid med og forankring i VRU styrkast.

Nye og uvante arenaer og arbeidsformer for dei som har delteke i arbeidet, avgrensa ressurstilgang og manglande nasjonale avklăringer av sentrale tema, har ført til at det er nokre veikskapar i planen. Planen dannar likevel eit viktig grunnlag for å setje i verk naudsynte tiltak for å oppretthalde eller forbetra vassmiljøtilstanden i Møre og Romsdal i tråd med det vassforskrifta føreset.

B. Om vassforvaltningsplanen

Planen omfattar vassområda

- Litjdalsvassdraget i Sunndal
- Eira, Aura og indre Nesset med Langfjorden

- Søre Sunnmøre, inkludert delar av Selje og Eid som drenerer dit

Regjeringa meiner det er positivt at fylkestinget i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Oppland har vedteke ei plan for vassforvaltning i regionen, som i hovudtrekk er i tråd med krava i vassforskrifta. Regjeringa støtter i hovudsak vurderingane i planen, men stiller nokre spørsmål til bruken av unntaksreglane, manglande kost-/effektvurderingar av tiltaka og vurderingar knytt til sterkt modifiserte vassførekomstar. Der dette er tilfelle går det fram av merknadane under. Regjeringa reknar med at merknadane frå regjeringa blir følgt opp i enkeltsaker og ved revisjon av planen.

Regjeringa gjer merksam på at tiltaksprogrammet etter vassforskrifta ikkje er ein del av forvaltningsplanen, og dermed heller ikkje gjenstand for godkjenning. Regjeringa tek difor berre stilling til innhaldet i sjølve forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen skal likevel innehalde ei samanfatning av tiltaksprogrammet. Førehald i tiltaksprogrammet som gjeld rikspolitiske interesser, og som omtalast i tiltaksprogrammet, bør difor også gå fram av denne samanfatninga. Samanfatninga av tiltaksprogrammet i forvaltningsplanen for Møre og Romsdal er relativt overordna. Det er difor vanskeleg for regjeringa å vurdere i detalj om det er nokre tiltak som strid mot nasjonale interesser. Regjeringa saknar ei noko utvida beskriving i sjølve forvaltningsplanen av blant anna kven som er ansvarleg for gjennomføring av dei beskrivne tiltaka og typene av tiltak. Den forvaltningsplanen som er vedteke skal likevel ikkje vere så detaljert at skjønnsrommet for sektorstyresmaktane for dei einskilde tiltaka vert vesentleg redusert. Om det er usemje mellom forvaltningsplan og tiltaksprogram er det den godkjende forvaltningsplanen som gjeld.

C. Om innhaldet i vassforvaltningsplanen

C. 1 Miljøtilstanden i vassførekomstane (karakterisering)

Planen viser at 75 av 374 vassførekomstar er i risiko for ikkje å nå miljømålet om god tilstand. For 50 vassførekomstar er det en mogleg risiko for ikkje å nå miljømålet. 20 av desse er grunnvassførekomstar.

57 vassførekomstar er vurdert å vere kandidatar til sterkt modifiserte vassførekomstar. For å endeleg peike ut ein vassførekomst som sterkt modifisert må ein først vurdere om miljømålet ”god økologisk tilstand” kan nås. Kva for vassførekomstar som kan reknast for å vere sterkt modifiserte har ikkje vore tilstrekkeleg diskutert i vassregionutvalet, og er å rekne som mellombels. Regjeringa ventar at denne lista vert oppdatert i tråd med regjeringa si merknad under Miljømål.

Ved karakterisering vert det stilt større krav til fagleg kunnskap og kompetanse, og det er sterkare fokus på lokale tilhøve, enn før. Dette utløyser eit stort behov for miljødata og lokal kunnskap om naturgitte tilhøve og deira tyding for vassmiljøet. Karakteriseringa er eit svært viktig grunnlag for å utrede og planlegge tiltak for å nå måla i vassforskrifta. Behovet for kunnskap og kompetanse er stort innan landbruket. God kunnskap om prosessar i naturen er av grunnleggjande betydning for å få gjennomført tiltak på en

effektiv måte. Regjeringa vil arbeide for økt fokus på forsking for å medverka til at kunnskapsgrunnlaget, inkludert blant anna kunnskap om jordsmonn og klimaets verknad, erosjon i bekke- og elvelaup, samt frigjering av næringsstoff frå sediment, vert styrka.

C. 2 Vesentlege belastningar og verknader av menneskeleg verksemd

Planen beskriv at den viktigaste årsaka til at ein ikkje når god økologisk tilstand, er inngrep i samband med kraftutbygging, kanalisering eller andre tekniske tiltak. Forureining er ein risiko for nokre sjøområde med dårlig utskifting og store lokale forureiningskjelder, samt for einskilde vassdrag. Planen har og med kapittel/avsnitt om akvakultur, biologiske påverknader, klimaendringar og havforsuring.

C. 3 Overvaking av miljøtilstanden

Planen syner til at det er utarbeidd eit program for overvaking av utvalde vassførekomstar i regionen. Utgifter for ikkje pålagt overvaking av vassområda i 2009-2015 er rekna til 4,2 millionar kroner.

Det er viktig at all relevant overvaking inngår som grunnlag for planane. Regjeringa forventar at det vert utarbeidd ein heilskapleg plan for overvaking for Møre og Romsdal.

C. 4 Miljømål for vassførekomstane

I tillegg til dei vanlege miljømåla er det satt brukarmål for vassførekomstane. Forvaltningsplanen gjev ei liste over brukarmåla, og opplyser at det er laga brukarmål for alle vassførekomstane ut frå denne lista. Regjeringa meiner det er positivt at ein har sett miljømåla frå vassforskrifta i samanheng med allereie eksisterande brukarmål. Det vil være ein viktig del av grunnlaget for heilskapleg vassforvaltning at forskjellige målsetnader i vassområda blir sett i samanheng.

Det går ikkje fram av forvaltningsplanen kva miljømål som er føreslege for den enkelte sterkt modifiserte vassførekomst. Manglande økologiske miljømål skuldast i stor grad mangel på sentrale avklăringer i planperioden. Regjeringa meiner tilnærminga i planen er positiv, men at det må bli arbeidd vidare med å sette miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar i tiltaksperioden, ut frå nye, nasjonale føringer. Grunnlaget for fastsettjing av miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar er klargjort i denne sentrale godkjenninga (sjå nedanfor om miljømål). Dette gjer at vassregionutvalet no kan fastsetje kva vassførekomstar som er sterkt modifiserte og miljømål for desse.

Det er ikkje satt mindre strenge miljømål for nokre av vassførekomstane. Det er gjeve utsett frist for å nå miljømålet når det gjeld fjerning av *Gyrodactylus salaris* i Litjdalselva, biotopfremjande tiltak i vassdrag der dette ikkje er ferdig planlagt endå, og tiltak i regulerte vassdrag der det ikkje er heimel i konsesjonsvilkåra for slike. Regjeringa saknar ei oversikt over kor mange og kva vassførekomstar ein kan forventa at ikkje kjem

til å nå målet om god status eller godt potensial i første planperiode, da unntaksreglane gjeld oppnåing av miljømål, ikkje gjennomføring av tiltak.

Det vil alltid vere uvisse om i kva grad miljømåla for den einskilde vassførekomst kan verte nådd gjennom dei foreslegne tiltaka i planen. Det vil mellom anna vere uvisse knytt til utilstrekkeleg kunnskap om naturgitte forhold, effekten av klimaendringar og tida det tek før ein ser effekt av tiltaka. Der det er uvisse om oppnåing av miljømål, må det vurderast om det er naudsynt å utvikle nye verkemeddel innafor planperioden, eller om måloppnåinga skal utsetjast (utarbeide unntak). Vurdering av nye verkemeddel vil måtte fylgje dei alminnelege prosessar for dette. Det bør gå tydelig frem av forvaltningsplanen om vassregionstyresmakta meiner at dei tiltaka som er beskrivne er tilstrekkelege for å nå miljømåla. Det blir understreka i planen at overvakning vil vere ein viktig del av aktiviteten i planperioden, for å vurdere om dei planlagde tiltaka er tilstrekkelege til å nå miljømåla. Regjeringa forventar at det blir gjort ei ny vurdering av om dei planlagde (og gjennomførte) tiltaka vil vere tilstrekkelege for å nå miljømåla eller om det òg bør vurderast å bruka unntaksreglar i fleire tilfelle seinast innan statusrapportering til det europeiske overvakingsorganet i 2012. Det vil vere viktig å innarbeide erfaring og kunnskap i arbeidet gjennom justerte mål og tiltak ved framtidige rulleringar av forvaltningsplanane.

Regjeringa understrekar at det skal setjast miljømål for alle vassførekomstar, òg der utsetjing er naudsynt.

Om miljømål i regulerte vassdrag:

Forvaltningsplanane må vere heilskaplege og økosystembaserte. I forvaltningsplanen kan ein foreslå ein framtidig miljøtilstand som kan innebere endra minstevassføring i vassdraget. Miljømål i regulerte vassdragsstrekningar i den 6-årige planperioden skal settast basert på eksisterande vilkår i reguleringskonsesjonen. Endring av konsesjonsvilkår fastsettast med bindande verknad av konsesjonsstyresmaktene ved vilkårsrevisjon. Det er 6-årsmåla som rapporterast til ESA som forpliktande mål.

C. 5 Tiltak for å oppnå miljømåla (samandrag av tiltaksprogrammet eller -programma)

Det er beskrive både eksisterande og nye tiltak knytt til forureining, avfall, tekniske inngrep og vassmengde, og fremjing av biologisk mangfold. Planen omfattar likevel i hovudsak forslag til nye tiltak. Regjeringa meiner det ville styrke planen om vedtekne/gjennomførte tiltak òg i større grad var omtala, sjølv om dei ikkje er med i tiltaksanalysen og kostnadsberekingane. Regjeringa forventar at dette vert lagt til grunn ved seinare rulleringar av planen.

Forvaltningsplanen inneheld ikkje kostnadsanslag eller nytte-/kostvurderingar. Det er difor vanskeleg å lese ut ifrå planen kva som er dei høgast prioriterte tiltaka i vassregionen. Regjeringa ber om ei betre oversikt over kva det vil koste å gjennomføre dei tiltaka som skal til for å nå miljømål i alle vassforekomstane, kva kostnadane som ikkje har ein ansvarleg tiltakshavar og kva nytte-/kostvurderingar og prioriteringar som er gjort. Regjeringa veit at uvissa ved kostnadsanslag gjer det vanskeleg å gjere ei presis

vurdering, men vurdering av kostnadene er viktig for å kunne prioritere tiltak og vurdere unntak i kommande forvaltningsplanar. Regjeringa forventar difor at det vil bli jobba vidare med dette i planperioden, slik at eit betre økonomisk grunnlag ligg føre seinast innan statusrapportering til det europeiske overvakingsorganet i 2012. Betre nasjonal rettleiing vil bli utvikla. Regjeringa legg til grunn at vassregionstyresmakta innrettar gjennomføringa av forvaltningsplanen slik at berre tiltak som er samfunnsøkonomisk lønnsamme vert gjennomført, det vil seie at kvantifiserbare og ikkje-kvantifiserbare nytteverknader for samfunnet ved tiltaket som skal gjennomførast er større enn kostnadane. Der nytteverknadene er vesentleg mindre enn kostnadane skal unntaksreglane nyttast. Det er utarbeida ei rettleiing om unntak frå miljømål (Guidance Document nr 20 – Technical Report 2009-027), som nyleg er omsett til norsk, og som gjev retningsliner om blant anna uhøvelege kostnader og bruk av unntaksreglar.

Planen omtalar inngrep i samband med kraftutbygging, kanalisering eller andre tekniske tiltak som den viktigaste årsaka til at ein ikkje når god økologisk tilstand. Ut frå dette skulle ein forventa fleire typar av tiltak på dette området, og at det var laga tydelegare økologiske miljømål for dei sterkt modifiserte vassførekostnadane i regionen.

Regjeringa har merka seg at fylkestinga har tatt opp tema knytt til blant anna konsesjonsvilkår for Aura/Eira. Forslag om å vurdere vasslepping vil vere eit sentralt element i den pågåande revisjonsprosessen i Aura.

Fylkestinget i Møre og Romsdal tilrår at Eira med Aura får status som nasjonalt laksevassdrag, og at det gjennomførast tiltak for at vassdraget skal tilfredsstille dei fysiske kriteria for å kunne oppnå dette. Regjeringa gjer merksam på at suppleringa av nasjonale laksevassdrag vart ferdigstilt i 2007, og at det ikkje er planlagt nokre prosessar knytt til utviding av ordninga med nasjonale laksevassdrag.

Førebygging av forureining er eit viktig tiltak for å minske risikoen for at vassførekostnaden ikkje oppnår god tilstand. Regjeringa meiner det er positivt at planen omtalar slike tiltak. Førebyggjande tiltak er ein naturlig del av ein forvaltningsplan for vatn, og både eksisterande og nye tiltak knytt til beredskap mot akutt forureining bør bli vurdert i tiltaksanalysen.

C. 6 Særlig om kystnære farvatn

For dei planane som godkjennast nå er det bestemt at biologiske påverknadsfaktorar i kystvatn, under dette rømt oppdrettslaks, lakslus, taretråling, krepsetråling, og kongekrabbe, ikkje skal inkluderast i karakteriseringa og følgjelig heller ikkje i forvaltningsplanar og tiltaksprogram.

Sett i lys av praksis i samanliknbare EU-land, samt målet om å skape ei heilskapleg og økosystembasert vassforvaltning, vil likevel utgangspunktet for dei neste planane vere at alle påverknader, inkludert biologiske påverknader, skal bli vege og teke med i karakteriseringa.

Dette inneber ein del endringar i forhold til korleis m.a. akvakultur skal handterast i arbeidet etter forskrifa. Det inneber også endringar i forhold til korleis fiskeriaktivitetar (heretter ”hausting av levande marine ressursar”) skal handterast. Dette er utdypa under.

Det er berre påverknader som vert sett som å vere *vesentlige* som *skal* takast med i karakteriseringa. Sektorstyresmaktene er ansvarlege for at relevante og vesentlige påverknader inkluderast i karakteriseringa, og dei er premissleverandør for fastsetting av miljømål (jf. vassforskriftas § 22) innanfor eigne ansvarsområde, samt for fastsetting og gjennomføring av tiltak (§ 22) etter eige lovverk i oppfølginga av planen. Ved eventuell usemje i vassregionutvalget er det viktig at dette er gjengjeve i utkast til forvaltningsplan (jf. § 26 i vassforskrifta), slik at usemja vert avgjort når planen handsamast i departementa.

Akvakultur

I dei planane som nå godkjennast er det berre påverknad som skyldast utslepp av næringssaltar og organisk materiale som har vore tatt med i karakteriseringa av kystvatn. I dei neste planane vil likevel alle relevante påverknader, under dette rømt fisk og lakselus kunne takast med i karakteriseringa.

Når det gjeld tiltak mot påverknader frå akvakultur vert regjeringa sin *Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring* lagt til grunn. Strategien skal i denne samanheng vere ei nasjonal retningslinje for den regionale planlegginga. I strategien er særlig rømming, utslepp av næringssaltar og fiskesjukdommar, under dette lakselus, vektlagt som dei viktigaste miljøutfordringane i dag og i den nærmeste framtid. Mål og tiltak på disse områda er derfor særlig relevant for utarbeiding av dei neste forvaltningsplanane. Det følgjer av vassforskrifta at fiskeristyresmaktene har ansvaret for utgreiing av forslag til tiltak samt premissa for fastsetting av miljømål.

Om hausting av viltlevande marine ressursar

Hausting kan utgjøre ein stor påverknad på økosystemet og påverkar både bestandane sin størrelse og samansetning. Denne påverknaden er direkte relatert til, og er bl.a. eit resultat av ressursforvaltninga. Havressurslova stiller krav til fiskeristyresmaktene om ein løpende vurdering av kva slag forvaltingstiltak som er naudsynte for å sikra ei berekraftig forvaltning av alle bestandar det fiskast på. I denne vurderinga skal det mellom anna leggast vekt på økosystemtilnærminga, som tek omsyn til leveområda og det biologiske mangfaldet (forvaltningsprinsippet).

Dessutan er dei marine økosistema i stadig endring. Også i bestandar det haustast av kan det vere store, naturlege svingingar i mengda frå eit år til eit anna. Som eit eksempel kan det vere store forskjellar frå år til år i mengda lodde som kjem inn til kysten av Finnmark for å gyte. Det er viktig for fiskeristyresmaktene å presisere at slike eksempel viser at eit lite loddeinnsig eit år, ikkje nødvendigvis betyr at den økologiske tilstanden langs Finnmarks kysten er dårlig. I dette tilfellet er loddna ein del av eit økosystem som over tid pregas og kjenneteiknas av naturlege

bestandssvingingar. Tilsvarande gjeld ved endringar i bestandar som følgje av geografiske flyttingar.

Ved handsaming av aktivitetar i fiskerisektoren i det vidare arbeidet med karakterisering, tiltaksprogram og forvaltningsplan skal det leggjast vekt på fylgjande:

Det skal skiljast mellom den påverknaden som haustinga har på målarten(e) og den påverknaden haustinga har på økosystemet på andre måtar. Når det gjeld vurderingar /tiltak knyte til forvaltninga av målartar (for eksempel kvotefastsetting i fiskeria eller opning og stenging av haustefelt for tare) vil fiskeristyresmaktenes reguleringar være å sjå på som ein nasjonal ramme for vassforvaltninga. Dette vil handsamas i fiskeristyresmaktenes kontinuerlege forvaltning etter havressurslova, på same vis som i dag.

Anna form for påverknad på økosystemet enn påverknad av bestanden som følgje av hausting, kan handsamast etter vassforskrifta: Dersom påverknaden frå bruk av bunnberørande reiskap vurderast å sette vassførekomster i fare, slik at miljømåla ikkje nåast, kan det vere naturleg at dette inngår i karakteriseringa, og følgjeleg eventuelt også i forvaltningsplanar og tiltaksprogram. Det følgjer av vassforskrifta at fiskeristyresmaktene har ansvaret for utgreiing av forslag til tiltak, samt premissane for fastsetting av miljømål.

Framande arter

Fremmande/introduserte arter er uønska i norsk marin flora og fauna. Eit eksempel på ein slik art er amerikansk hummer. Dersom nærvær av framande arter vurderas å sette enkelte vassførekomstar i fare slik at miljømåla ikkje nåast, kan det vere naturleg at slike arter inngår i karakteriseringa og eventuelt også forvaltningsplanar og tiltaksprogram.

Særskilt om kongekrabbe:

Kongekrabba er en framand art i norske farvatn, som det i tråd med St. meld. nr. 40 (2006-2007) *Forvaltning av kongekrabbe* (kongekrabbemeldinga) er etablert eit særskilt forvaltningsregime for. Regjeringa har i denne stortingsmeldinga fastsett ei målsetting om i størst mogeleg grad å avgrense ein vidare spreiing av kongekrabbe i norske havområde, og vil sikre en lågast mogeleg bestand av kongekrabbe utanfor kommersielt fangstområde. I tråd med stortingsmeldinga skal kongekrabbe kystnært øst for 26°Ø forvaltast slik at det leggjast tilrette for varig næringsaktivitet og sysselsetting i området, mens det utanfor dette området er eit mål å avgrense ein vidare spreiing av arten. Vest for 26 grader øst, kor det er eit mål å avgrense spreiing og etablering av kongekrabbe, er det utkastforbod og fri fangst av kongekrabbe.

I områder der kongekrabba vurderast å sette vassførekomstar i fare slik at ein risikerer ikkje å nå miljømåla, kan førekomstar av kongekrabbe tas med i karakteriseringa. Tiltak overfor kongekrabbe er likevel ei nasjonal sak fastsett i kongekrabbemeldinga. Kongekrabbemeldinga legg såleis føringar på kva slags tiltak som eventuelt kan foreslåas i det kvoteregulerte området, og kva slags tiltak som eventuelt kan foreslåas utanfor det

kvoteregulerte området. Her er det fiskeristyresmaktene som har overordna ansvar og myndighet gjennom heimlar i sektorlovverket.

C. 7 Anna

Planen gir ein oversikt over dei viktigaste formane for vassbruk i vassområdet, men ein har ikkje nok kunnskap og bakgrunnsmateriale til å kunne utarbeide ein økonomisk analyse slik forskrifa krev. Det er òg i liten grad gjort ei vurdering av dei samla økonomiske og administrative kostnader i planen. Dette kan komme av manglande nasjonale føringar og verktøy på området. Regjeringa vil arbeide med å utvikle nasjonale verktøy i løpet av planperioden.

Regjeringa meiner at det i planarbeidet til no har vore lite fokus på arbeid med dei prioriterte stoffa. Nokre av miljøgiftene skal verte utfasa på nasjonalt nivå, medan andre skal reduserast gjennom tiltak skissert i den regionale planen. Eit eige dotterdirektiv på prioriterte stoff vil bli teke inn i EØS-avtalen, og vil venteleg bli inkludert i vassforskrifta i løpet av 2010. Fram mot neste planperiode forventar regjeringa difor at arbeidet med dei prioriterte stoffa blir trappa opp.

Kulturminne er ikkje ein del av vassforskrifta, men planen understrekar likevel at ein bør ta omsyn til kulturminne når ein planlegg tiltak i vassdrag, og at ein bør ha god dialog med kulturminnestyresmakta. Regjeringa meiner det er positivt at både planen og fylkestinget i Oppland sitt vedtak spesielt omtalar koplinga mellom omsynet til kulturminne og vassforvaltning etter vassforskrifta. Koplinga mellom fylkeskommunens rolle som planstyremakt og regional utviklingsaktør gir òg grunnlag for økt meirverdi i skjeringspunktet mellom vassforvaltning og andre utviklingsoppgåver. Regjeringa håper å sjå ei tilsvarende brei tilnærming i neste planfase.

Planen har og med eit kapittel om klimaendringar. Regjeringa meiner det er positivt at planen omtalar moglege effektar av klimaendringar, både temperaturendringar og havforsuring, sjølv om det i denne omgang er på eit relativt overordna nivå.

Naturmangfaldlova trådde i kraft 1. juli 2009. Regjeringa meiner at vassforvalningsplanane vil bidra til å ivareta naturmangfaldlovas forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar i §§ 4 og 5. Kravet om kunnskapsgrunnlaget i § 8 oppfyllast gjennom arbeidet med kartlegging og karakterisering. Forvaltningsplanene legg økosystemtilnærming til grunn, og er slik sett i samsvar med naturmangfaldlova § 10. Dei anna prinsippa (føre-var, kostnadane ved å hindra eller begrense skade på naturmangfald skal bæres av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar) vil måtte trekka inn ved den konkrete utforminga av dei enkelte tiltaka.

3. Avslutning

Forvaltningsplanen omfattar ei rekke tiltak der det er meldt behov for statleg finansiering. Godkjenning av forvaltningsplanar etter vassforskrifta omfattar ikkje konkret ressursbruk. Godkjenning av denne forvaltningsplanen kan ikkje legge

føringar for prioriteringane til regjeringa og Stortinget i framtidige statsbudsjett. Prioritering og tildeling av ressursar må vurderast i dei årlege budsjettprosessane.

Godkjend forvaltningsplan skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ verksemد og for kommunal og statleg planlegging og verksemد i vassregiona. Forvaltningsplanen gjev klare regionale og statlege signal til kommunane i vassregionen og skal bidra til å samordne og styre arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Dersom ein kommune fråviker retningslinjene, gir dette grunnlag for å fremme motsegn til kommunens planar.

Vedtak om gjennomføring av dei tiltaka som inngår i tiltaksprogrammet treffes av ansvarleg styresmakt etter relevant lovgjeving. Godkjent regional plan vil inngå i grunnlaget for sektorstyresmaktene si handsaming. I sektorstyresmakta si handsaming vil det føretas ytterlegare avklaringar og ei konkret vurdering av fordeler og ulemper ved dei einskilde tiltaka før endelige avgjerd om tiltaksgjennomføring vart teke. Her vil det òg leggjast vekt på andre omsyn enn dei som finnast i planane. Sektorstyresmaktene har difor høve til å fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen. Dersom det i det oppfølgjande arbeidet vert aktuelt å fråvike føresetnadene i planen, skal vedkommande mynde syte for at vassregionstyresmakta er informert. Årsaka til at planen er fråvike må verte omtala ved rapportering av tiltaksgjennomføring innan utgongen av 2012 og ved neste rullering av planen.

Regjeringa gjer spesielt merksam på at tiltaka skal vere operative og at framdrift skal rapporteraast til EU innan utgongen av 2012. Difor vert det ei viktig oppgåve for vassregionstyresmakta å følgje opp planen og rapportere gjennomføringa til sentrale styresmakter.

Miljøverndepartementet

tilrår:

Forvaltningsplan for vassregion Møre og Romsdal for planperioden 2010-2015, vedteke av fylkestinga i Møre og Romsdal 29. september 2009, Sogn og Fjordane 14. oktober 2009 og Oppland 22. oktober 2009, godkjennast i medhald av vassforskrifta § 29-3, med de merknader og atterhald som er gitt i foredraget.